



Haugland Maskin med rosa plastballar til inntekt for brystkreftsaka.

**Haugland Maskin har kjøpt inn 30 rullar med rosa balleplast. Av kvar plastrull går kr. 30,- til brystkreftsaka. Haugland Maskin har gjennom dette tiltaket laga rosa grasballar på Sandvoll, Helland og i Uskedalen. Vi kjenner og til at det vart balla med rosa plast i Ølve og på Hatlestrand i fyrsteslåtten.**

Stian Haugland fortel om bakgrunnen for innkjøpet av rosa plastrullar. Det var nemleg på AGRO si landbruksmesse på Lillestrøm i fjor at sambuaren, Åshild Haukenes, synst dette var ei god sak. Det vart alt då tinga to pallar, kvar med 15 rullar.

Av dette kan Stian laga 525 ballar. Det vart ikkje brukt av den rosa plasten til Haugland Maskin i fyrsteslåtten. Han har tenkt at i Åkra vil det passa godt med rosa forballar.

Alt på Dønhaug er balla med rosa farge. Det er gjort for å skapa merksemd på Festidalen om ei god sak. Det gjeld slåtten i Holmane der Festivalcampen skal vera og oppe på Festivalområde. Det vil vera god profilering om Festivalleiinga vil bruka dei fargerike ballane som dekorasjon og pynt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal